



Møteinnkalling

Valstyret

Dato: 29.05.2017 – rett etter møte i formannskap og
kommuneplannemnd
Stad: Kommunestyresalen
Arkivsak: 15/01275
Arkivkode: 01

Forfall meldast snarast på tlf. 31 40 88 00 eller ved epost til tenestetorget@hemsedal.kommune.no

Varamedlemmer møter etter nærare avtale.

Sakskart

Side

Saker til behandling

7/17	17/00582-16	Stortings- og sametingsvalet 2017 - Elektronisk avkryssing i manntal på valdagen (XiM)	2
8/17	17/00582-17	Stortings- og sametingsvalet 2017 - Val av stemmestyre	5
9/17	17/00704-4	Godkjenning av protokoll fra møte i Valstyret 29.05.2017	8

Hemsedal, 26.05.2017

Oddvar Grøthe
ordfører

Saker til behandling

7/17 Stortings- og sametingsvalet 2017 - Elektronisk avkryssing i manntal på valdagen (XiM)

Arkivsak-dok. 17/00582-16

Saksbehandler Nina Eikre

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Valstyret	29.05.2017	7/17

STORTINGS- OG SAMETINGSVALET 2017 - ELEKTRONISK AVKRYSSING I MANNTAL PÅ VALDAGEN (XIM)

Saka vert avgjort av:

Valstyret

Vedlegg:

Brev frå KMD av 17.06.2016 Orientering om endringer i valgloven

Brev fra Valgdirektoratet av 01.09.2016 Elektronisk avkryssing i manntall på valdagen

Dokument i saka:

Som over

Saksopplysningar:

Stortinget gjorde 13.juni 2016 vedtak om fleire endringar i vallova som får verknad på gjennomføringa av Stortings- og sametingsvalet 2017. Endringane trådde i kraft 1.juli 2016, og ein av dei er moglegheita for å nytte elektronisk avkryssing i manntallet på valdagen. Dette er eit frivillig tilbod til kommunane.

Oppfølginga vil skje frå Valgdirektoratet, som er ansvarlege for opplæringa i EVA - det Elektroniske ValAdministrasjonssystemet - som vert nytta av alle landets kommunar og fylkeskommunar i valarbeidet.

I brevet frå Valgdirektoratet står det mellom anna:

«Elektronisk avkryssing i manntallet har blitt gjennomført som et forsøk ved de tre siste valgene. Evalueringene har vist at kommunene som har deltatt i forsøket har vært svært fornøyde, og ønsker ikke å gå tilbake til rutinen med papirmanntall. Hensikten med å innføre elektronisk avkryssing i manntallet som en permanent frivillig ordning, er at dette vil effektivisere valgavviklingen på valgdagen både for velgere og valgfunksjonærer. Dette gjelder både i valglokalet, under opptellingen og ved valgoppgjøret. I tillegg vil elektronisk avkryssing redusere antallet feilavkryssinger i

manntallet, da valgfunksjonæren gjerne benytter strekkoden på valgkortet for å slå opp velgeren i manntallet.»

«Dersom kommunen velger å benytte seg av denne ordningen, er det enkelte hensyn som må tas i planleggingen av valggjennomføringen. Valgdirektoratet ønsker å skissere disse, slik at kommunen i best mulig grad kan forberede seg til neste års valg.»

«Utstyr / nettilgang

Kommunen må forsikre seg om at det er stabil nettilgang i alle valglokalene på valgdagen. Direktoratet vurderer at det kan være hensiktsmessig å undersøke dette i forkant av valgdagen. Valgdirektoratet vil anbefale en kablet nettløsning, da dette er den sikreste måten å sørge for stabil nettilgang.

Videre er det viktig å sørge for gode back-up løsninger på nettilgangen, i tilfelle tilgangen er ustabil. Mulige back-up løsninger vil kunne være trådløst nett, eller kjøpte rutere med 4G-nettilgang. Det kan være fordelaktig å få bistand fra eventuelle IT-ansvarlige i kommunen til dette arbeidet. Merk at det ikke er anledning til å benytte papirmanntall som en back-up løsning. Dersom kommunen velger å benytte seg av elektronisk avkryssing i manntallet, er dette det eneste manntallet som skal benyttes for avkryssinger.

Ved en innføring av elektronisk avkryssing i manntallet, vil kommunen måtte benytte PC-er i alle valglokalene. Kommunen må derfor sørge for at det finnes tilstrekkelig antall PC-er til å håndtere velgermassen i valglokalene. Dersom kommunen må kjøpe inn nye PC'er til dette formålet, er det viktig at det settes av midler i valgbudsjettet til dette.»

«Betydning for rutiner – Beredskap

Dersom kommunen opplever å miste tilgang til nettet i løpet av valgdagen, og ikke greier å få koblet til back-up løsningen, må kommunen benytte en beredskapsrutine. Ved en eventuell beredskaps situasjon, må stemmegivninger avlegges i konvolutt. Det vil foreligge spesifikke oransje beredskapskonvolutter som skal benyttes i dette tilfellet. Beredskapsstemmene må behandles sentralt i kommunen etter at valglokalene er stengt. Det er ikke anledning for kommunen å benytte beredskapsrutinen i stedet for elektronisk avkryssing. Dersom kommunen velger å benytte elektronisk manntall, skal dette være tilgjengelig i alle kommunens valglokaler.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet arbeider med en forskrift for en beredskapsprosedyre. Denne vil være mye tilsvarende den som allerede benyttes under forhåndsstemmeperioden.»

Forhold til overordna plan:

Ikkje vurdert

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Vedkomande beredskap må det etablerast ei beredskapsrutine, denne kjem frå sentralt hald i form av forskrift. Kommunane i Hallingdal har ved dei siste vala hatt IKT Hallingdal i beredskap under valavviklinga for å sikre stabilt datasystem, dei er varsla om behov også i år.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje vurdert

Vurdering:

Elektronisk avkryssing i manntal inneber at stemmemottakarane på valdagen ikkje lenger har papirmanntal som dei kryssar av i når veljar legg setel i stemmeurna. I staden vert eit elektronisk manntal gjort tilgjengeleg via EVA og på PCar i vallokalet.

Hemsedal kommune har nytta elektronisk avkryssing (heretter kalla XiM) i manntalet under førehandsrøystinga i tenestetorget ved dei siste to vala. Det har ikkje vore problem med nettilgang av betydning, berre ved eitt høve i løpet av dei to cirka månadslange førehandsrøysteperiodane har nettet vore nede ein times tid. I det tidsrommet vart førehandsstemmer tatt imot i konvolutt og omslagskonvolutt (beredskapsrutine) og stemmegjevingane vart kryssa i manntalet då det var tilgjengeleg att. Denne rutina er tilnærma lik framgangsmåten som vert brukt ved mottak av førehandsstemmer som skal sendast andre kommunar. Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 vart elektronisk avkryssing i manntal (og stemmesetel rett i urne) også nytta under førehandsrøystinga på Bygdaheimen. Det var då det trådlause nettverket i kommunen som vart brukt, utan problem.

Den største fordelten med XiM er at risikoen for feil-avkryssing vert mindre, då valmedarbeidaren anten må:

- a) Søkje veljar opp i manntalet ved å taste inn namn / fødselsdato / personnummer og då er det mindre sannsynleg å krysse av for feil person, eller
- b) valmedarbeider scanner strekkoda på valkortet alle veljarar får tilsendt før valet.

Ettersom veljarane blir meir vande med ny framgangsmåte, vil dei og bli vande med å ta med valkortet når dei skal stemme, og avkryssinga vert med det betydeleg raskare og sikrare. Sjølv om tidsbruken stemmestyret brukar til å føre møtebok etter stengetid for vallokalet her i Hemsedal aldri har vore særskilt lang, meiner sakshandsamar det er sannsynleg at stemmestyret enda raskare vil få ført møtebok med XiM, av di stemmestyret slepp å telle talet på kryss og møteboka til stemmestyret kan fyllast ut elektronisk.

Hemsedal kommune skal ved valet til hausten bruke kultursalen som vallokale. Der er det til vanlig god dekning for det trådlause nettverket til kommunen, men det er og mogleg med tilkopling via kabel. I tillegg har kommunen allereie ein ruter til mobilt trålaust nett som kan brukas i vallokalet, viss det kommunale nettverket skulle svikte på valdagen eller ved linebrot. Barbare PCar, med sikkerheitssertifikat installert for bruk opp mot EVA, finst allereie tilgjengeleg i kommunen og vil kunne nyttast i vallokalet den 11.september. Utgiftene til anna teknisk utstyr (strekkodelesarar og numerisk tastatur) vil kunne dekkast innanfor eksisterande valbudsjett.

Sakshandsamar meiner etter ei samla vurdering at Hemsedal kommune bør nytte elektronisk manntal frå og med Stortings- og sametingsvalet 2017.

Rådmannen si innstilling:

Hemsedal kommune nyttar elektronisk manntal på valdagen frå og med Stortings- og Sametingsvalet 2017.

8/17 Stortings- og sametingsvalet 2017 - Val av stemmestyre

Arkivsak-dok. 17/00582-17

Saksbehandler Nina Eikre

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Valstyret	29.05.2017	8/17

STORTINGS- OG SAMETINGSVALET 2017 - VAL AV STEMMESTYRE

Saka vert avgjort av:

Valstyret

Vedlegg:

Valstyret sitt vedtak 7/15 om val av stemmestyre til Kommunestyrevalet 2015

Valprotokoll for stemmestyret i Hemsedal 2015

Dokument i saka:

[Vallov](#) og [-forskrift](#)

[Kommunelova](#)

Saksopplysningar:

I kvart vallokale i kommunen skal eit eige røystestyre leie gjennomføringa av valet på valdagen.

Eit stemmestyre er etter kommunelova eit fast utval, jf. kommunelova § 10, og skal bestå av minst tre medlemmer. Elles kan kommunestyret fastsetje kor mange medlemmer det skal vere i stemmestyret. I Hemsedal er myndet til å velje stemmestyre og leiar/nestleiar delegert til valstyret.

Reglane i kommunelova om val av faste utval gjeld for stemmestyra. Det inneber at valbarheitsreglane i kommunelova § 14 gjeld, og ein må sjå til at krava til kjønnsmessig representasjon i kommunelova §§ 36, 37 og 38 a er oppfylte.

Stemmestyra kan setjast saman av kommunalt tilsette og/eller politikarar. Dersom ein vel politikarar, bør ein syte for ei samansetjing med representantar frå fleire parti.

Det er etter vallova § 9-3 (4) avgrensingar i kva oppgåver listekandidatar kan ha ved gjennomføringa av val. Listekandidatar kan ikkje veljast til stemmestyra, og dei kan heller ikkje tenestegjere som stemmemottakarar eller valfunksjonærar. Grunngevinga er at det er prinsipielt uheldig at kandidatar som sjølve stiller til val, har direkte kontakt med veljarane i stemmesituasjonen. Føresegna gjeld berre dei som er listekandidatar ved det aktuelle valet. Dei som var listekandidatar ved *kommunestyrevalet og fylkestingsvalet*, er ikkje av den grunn utestengde frå å kunne tenestegjere ved stortingsvalet, så sant dei ikkje er listekandidatar også ved dette valet.

Ein kan også velje personar som ikkje er politikarar, så lenge dei er folkeregisterførte som busette i kommunen, jf. kommunelova § 14.

Medlemmene i stemmestyra vil etter kommunelova vere folkevalde, og reglane i kommunelova om rettar og plikter for folkevalde gjeld for medlemmene.

Det følgjer av lova at oppgåva til stemmestyret er å *administrere* valgjennomføringa på stemmestaden. I dette ligg at stemmestyret har ansvar for at valavviklinga skjer i samsvar med reglane i vallova og valforskrifta. Stemmestyret kan sjølv utføre alle oppgåvene valgjennomføringa krev. Lova pålegg likevel ikkje stemmestyra å utføre alle oppgåvene sjølve. Det er heller ikkje eit krav i lova at alle som utfører oppgåver i vallokala, er medlemmer av stemmestyret med mindre dei er oppnemnde til det.

Kommunen kan til dømes engasjere kommunalt tilsette, studentar, skoleelevar og pensjonistar som valmedarbeidarar. Gjeremåla deira kan for eksempel vere å gi praktisk rettleiing til veljarane. Dei kan krysse av i manntalet, stemple stemmesetlar og sjå til at veljarane legg stemmesetlane i valurna. Dei kan også telje opp stemmesetlar, dersom ein skal gjere ei førebels opteljing på stemmestaden.

Det vil likevel vere stemmestyret sitt ansvar å føre møtebok, der styret protokollfører kva som skjer på stemmestaden.

Valstyret i Hemsedal har tidlegare gjort vedtak om at stemmestyret i Hemsedal krins skal ha 7 medlemmer og 3 varamedlemmer. Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet for to år sidan gjorde følgjande personar teneste som stemmestyre:

Ingrid Jordheim Brenna – leiar
Odd Bekkevold – nestleiar
Kari Bjerkheim
Ragnhild Kvernberg
Ernst Tore Eggen
Ingrid Undheim
Astrid Løvehaug (inn i styret som 1.vara)

Inger Hulbak – varamedlem
Norvald Lirhus og Ole Nils Aalrust (varamedlem) var oppnemnde men søkte, og fekk, fritak.

Vurdering:

Vervet som stemmestyremedlem er særskilt viktig i den forstand at medlemmen i stor grad er med på å oppretthalde tilliten til det norske valsystemet; at det er frie, direkte og hemmelege val i Noreg. Ein bør ved oppnemning av medlemmer søkje å ha ei viss kontinuitet, av di det er mykje å setje seg inn i i samband med val, og lovverket har klåre reglar for korleis valet skal gjennomførast. Viss Hemsedal ved komande val skal nytte elektronisk avkryssing i manntal er det viktig at fleire av medlemmene er komfortable med enkel bruk av PC som arbeidsverktøy.

Det kan vere aktuelt å vurdere om ein skal nytte valfunksjonærar (tilsette i kommunen/studentar) i tillegg til å nemne opp stemmestyre, men sakshandsamar er usikker på om dette er naudsynt dersom dei fleste frå førre stemmestyre vert oppnemnde på ny. Viss ein nemner opp folk som har erfaring som stemmestyremedlemmer vil ein og spare tid til opplæring.

Stemmestyremedlemmene har tidlegare fått møtegodtgjersle etter dei vanlege satsane i kommunen, men for sjølve valtinget har dei fått dobbel godtgjersle grunna lengda på «møtet» (alternativt tapt arbeidsforteneste), sakshandsamar meiner denne ordninga bør oppretthaldast. Leiar for stemmestyret har ansvar for å føre protokoll for og leie gjennomføringa av valtinget og bør har ekstra godtgjersle for dette.

Ved oppnemning av nye medlem til stemmestyret bør valstyret ta omsyn til krava i kommunelova §§ 36, 37 og 38 a om kjønnsmessig representasjon.

Rådmannen si innstilling:

Saka vert lagt fram for valstyret utan tilråding.

9/17 Godkjenning av protokoll fra møte i Valstyret 29.05.2017

Arkivsak-dok. 17/00704-4

Saksbehandler Nina Eikre

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Valstyret	29.05.2017	9/17

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRA MØTE I VALSTYRET 29.05.2017

Saka vert avgjort av:

Valstyret

Vedlegg:

Protokoll frå møte i valstyret 29.05.2017

Rådmannen si innstilling:

Protokoll frå møte i valstyret 29.05.2017 vert godkjent
